

**Damelaget til Rosendal jubla sist helg over at dei slapp direkte nedrykk til 4. divisjon. Men dei jubla for tidleg.**

Laget, som har uskedelingen Tor Gundersen som trenar og også eit solid innslag av spelarar frå Uskedalen, fekk tysdag melding om det blir direkte nedrykk sjølv om laget avanserte til nest siste plass i siste serierunde etter 3-0 over Os.

Då fekk trenaren beskjed frå fotballkrinsen at dei kunne førebu seg på kvalifisering.

Gundersen seier til Kvinnheringen at kontrabeskjeden var som å få eit knyttneveslag i trynet.

- Vi får satsa på at det blir berre ein sesong i fjerde divisjon. No får vi nullstilla oss og gi på neste år, seier han.